



KYRKJEBLADET

FOR VESTNES

NR. 2 - SEPTEMBER 2015

20. ÅRGANG



Foto: Audbjørg Gjerde Lippert

Vårherres klinkekule

Den blå planeten - Guds skaparverk

Salme 8

Til korleieren. Etter Gittit.

Ein salme av David

Herre, vår herre,
kor herleg ditt namn er over heile jorda,
du som har breidd ut din glans på himmelen!

Frå munnen på småborn og spedborn
har du reist eit vern mot dei som står imot deg,
for å gjera ende på fienden og hemnaren.

Når eg ser din himmel, eit verk av dine fingrar,
månen og stjernene som du har sett der,
kva er då eit menneske – at du hugsar på det,
eit menneskebarn – at du tek deg av det?

Du sette han lite lågare enn Gud
og krona han med herlegdom og ære.

Du sette han til herre over det dine hender har skapt,
alt la du under hans føter:
småfe og storfe i samla flokk,
dei ville dyra på marka,
fuglane under himmelen og fiskane i havet,
alt som ferdast på havsens stigar.

Herre, vår herre,
kor herleg ditt namn er over heile jorda!

Foto: Audbjørg Gjerde Lippert



”...under hans føtter...” (salme 8)

Av Tone diakon

I duskregn om våren kjennes naturen frisk og levende. Fargene og luktene er nye, og regndråper samler seg i marikåpa. Nytt liv vokser fra bare kvister og mørk jord. Blå fiol og skogstjerne tar over for hvitveisen. Våronna er i gang- og plutselig hører vi gjøken. Naturen skapes på nytt.

Og vi er der – midt i den store skapelsen. Vårherre har blåst liv både i menneske og natur. Han er selve livgiveren. I naturen og under en høy, klar stjernehimmel kan vi kanskje tenke at Guds kjærlighet er synlig for oss, og vi kan kjenne oss små i møte med alt det storslagne. Menneske og natur er avhengig av hverandre i et avansert og finstemt samspill.

«Når jeg ser din himmel, et verk av dine finger, månen og stjernene som du har satt der...»

Salme 8 er en vakker tekst, men den bidrar også til en uro i vår tid. Vi er en del av dette store skaperverket, og det er lagt «under våre føtter», står det i salmen. Det er en gave som er gitt oss, og det er vår oppgave å forvalte den godt. Det å ta vare på en slik gave krever kloke og dristige beslutninger, både i det nære hverdagslivet og i større politiske føringer. Det å være opptatt av hvordan klimaforandringer påvirker natur, atmosfære og folk på kloden vår, har med nestekjærlighet å gjøre. Vi merker det ikke så lett her i Norge, men «søsken» i andre deler av verden lider.

Vi kan undre oss over naturens frodighet under en stor himmel. Vi kan undre oss over Gud som hele tiden blåser liv i nye vårer og nye mennesker. Og vi kan velge å forvalte alt i nestekjærlighets lys.

Når heile verda syng mot Gud

Av Audbjørg Gjerde Lippert

Denne salmen av Edvard Hoem er komen med i den nye salmeboka vår, og er etter kvart blitt ein kjær salme som er mykje brukt i samband med formidlinga av Guds skaparverk.

I eit foredrag på Norges Musikkhøgskole hausten 2013 har Edvard Hoem mellom anna sagt dette om det å skrive salmar:

Mitt utgangspunkt når eg skriv salmar, er det same som når eg prøver å dikte elles: Korleis skal eg finne eit litterært gyldig uttrykk og ei kunstnarisk forsvarleg form – for det som eg har ambisjonar om å uttrykke? Melodien kan berge ein dårleg salmetekst, men berre når vi syng. Den gode salmen skal tåla å bli uttrykt i fellesskapet, men også når vi er aleine. Den gode salmen skal tåla å bli lesen, utan at vi får klingklang i munnen. Den gode salmen kan byggast over ein kjend bibeltekst, men blir enda meir verdfull om den går i eit språkleg mønster som ikkje er kjend frå før. Den gode salmen formidlar gamle sanningar i vår tids språk. Det treng ikkje tyde at den blir uaktuell om to eller hundre år. Når vi syng gamle salmar, er det andre tiders språk og livserfaring som blir tilgjengelege for oss, men dei fører

oss ikkje tilbake til den tidsalderen dei vart skrivne i. Dei fører oss mot ein tidlaus dimensjon, og dit må også salmane i vår tid peike. Dei er ein del av den songen som ikkje stilnar, og jo lenger den varer, desto kjærare blir han. Vi kjenner suset i salmen frå farne tidsaldrar, og likevel talar den også til vår tid.




Foto: Audbjørg Gjerde Lippert

Når heile verda syng mot Gud

Av Edvard Hoem

Når heile verda syng mot Gud,
da gryr den nye dag.
Vi møter morgonen i lag,
vi stig av søvnen ut.
Dei mørke vatna opnar seg
der Herrens Ande sviv.
På Herrens ord kjem lys og liv.
Halleluja, halleluja, halleluja!

Høyr, vatnet renn med torelyd,
og regnet fell og fell.
Ein foss kjem brusande frå fjell,
og havsens bølger bryt.
Ein kvelving stig, der skyer driv,
før andre skapingsdag
finn kveld der lange skuggar kliv.
Halleluja, halleluja, halleluja!

Når heile verda syng mot Gud,
set nye vokstrar frø.
og kornet veks med smak av brød,
og nektar renn frå sky.
Ti tusen slag ber grøde fram,
no mognar frukt og bær.
Det er den tredje skapingsdag!
Halleluja, halleluja, halleluja!

Den fjerde dag, den fjerde dag
skyt lyn i mørke rom,
og soler flyt på skyers skum
for Herrens andedrag.
Ein måne glid frå rand til rand,
og stjerner brenn og skjelv
i kulden frå den tomme kvelv.
Halleluja, halleluja, halleluja!

Da stig det fisk, der havbrot ryk,
og kval med sporden slår.
Og fugl på store venger fyk
dit dagens grenser går.
Dei svevar over hav og jord,
dei skrik og parrar seg.
Det er den femte skapingsdag!
Halleluja, halleluja, halleluja!

Ein skugge flyktar gjennom skog,
og villdyr skiftar ham.
Da stig ei kvinne og ein mann
i Herrens likning fram.
Og mannen leitar og finn svar
i hennar anletsdrag.
Det er den sjette skapingsdag!
Halleluja, halleluja, halleluja!

Og mennesket skal sjå seg sjølv
blant alle skapte slag.
Og Herren ser sitt store verk
og held ein kviledag.
Når Mennesket er skapt på ny,
stig jubelen mot sky!
Og heile verda syng mot Gud:
Halleluja, halleluja, halleluja!



Foto: Audbjørg Gjerde Lippert

Pasienten Jorda

Av Per Audun Høgset

«Blir jorda pasient, blir vi alle pasienter.» (Per Fugelli)

Gamle moder Jord følte seg ikkje heilt i form, faktisk var det berre så vidt ho kom seg inn på venterommet til dr. Jahve. Ho følte seg også temmeleg ille til mote når ho først var komen inn der. Langs veggene sat det mange andre, både yngre og eldre. Nokre var gamle og slitne, medan dei unge kika rart etter den gamle dama med den slitte, blå og grønne kjolen.

Dei skulle berre visst, tenkte den gamle, at i denne kjolen hadde ho dansa vals med månen i uminnelege tider. Ho minnest også at ho ung og rødmande hadde flørtet med den store sola. Det visste dei sjølvstakt ikkje, og no fniste dei og gjorde narr av henne bak ryggen hennar. Ikkje ville ho sitje der og bli gjort narr av, men det vart med tanken. Ho var ikkje så snar i snuinga som før i tida.

Ein tåre trilla nedover kinnet, men forsvann i tørr, sprukken hud. Det gjorde frykteleg vondt.

Ein ny tåre tvinga seg fram i den andre augekroken. Synet var ikkje slik som det hadde vore, heller. Det eine auget skjela mot venstre, det andre mot høgre. Til tider var det så ille at ein ikkje heilt visste kor det bar av. Slik var det berre. Sjølv om det var vanskeleg å halde stø kurs for den gamle, var det visst ikkje så mykje å gjere med.

«Kanskje blir det betre, og kanskje blir det verre», hadde dr. Jahve sagt sist ho var til legesjekk, så den gamle fekk nok berre fortsette sin skeive gang enno ei stund. Nei, det var ikkje greitt å bli gamal.

Faktisk var ikkje augo det største problemet. Alderen prega den gamle dama på mange område, huda var grå, og det klødde og beit over heile kroppen. I tillegg følte ho seg ofte varm, og så var det dette med den tørre huda. Hennar største problem var likevel desse eigenrådige småkrypa som stadig invaderte nye område av kroppen hennar. Ho følte seg trøyt og sliten, og hadde mest lyst til å stupe inn i sola og døy. Ho skjemdest ved slike kjensler, men kven som helst kunne vel bli litt deprimert i ein alder av 5 milliardar år. Eller var det 3 milliardar år?

Mor hennar, Ur, hadde aldri kunna seie noko sikkert om korleis og når Jord hadde blitt til. Ur kunne berre hugse at då ho møtte Intet, far til Jord, hadde alt skjedd i ein eksplosjon av ei forelsking. Romansen var så heftig at mor til Jord slett ikkje kunne hugse kor mange søsken Jord hadde. Det einaste Ur kunne hugse, var at tida stod stille når Intet var i nærleiken.

Endeleg var det hennar tur. Dr. Jahve stod og vaska hendene sine i det mørkeblå rommet, men snudde seg idet Jord kom inn. Dokteren hadde eit godt rykte, og han hadde mange store og små pasientar å ta hand om. Han hadde mange medhjelparar, mellom anna utgjorde nokre av desse ein uteseksjon som

svinsa rundt i universet for å hjelpe små og store skapningar med likt og ulikt.

«No, kva kan eg gjere for deg i dag?» seier han venleg og ser på ho over skrivebordet sitt. Ho vil ikkje ut med det eigentlege ærendet sitt riktig enno. Den gamle legg ut om dei andre plagene først, men i hovudet hennar er det berre ein tanke som svirrar rundt. Korleis skal ho få samtalen over på desse barbariske krypa som plagar ho dag og natt? Etter ei stund tek ho likevel mot til seg.

«Ja, og så var det ein ting til, ja. Det heldt eg mest på å gløyme. I det siste har eg hatt plager med desse småkrypa som er overalt på kroppen min. Eg trur ikkje eg held det ut så mykje lenger.»

Ho sukkar tungt, og skjønar med ein gong ho har sagt det, at svaret frå dr. Jahve blir det same som sist.

«Eg veit at nokre av desse småkrypa plagar deg, men eg kan ikkje fjerne dei, heller. Du hugsar vel korleis det gjekk sist vi prøvde det?»

Takk, ho hugsar den kuren godt! I førti dagar og netter hadde ho lege i vatn, men det var nokre av småkrypa som hadde overlevd. Ho hadde ein sterk mistanke om at dr. Jahve sto bak det, også. Det var for så vidt greitt det. Mange andre kryp, både store og små, hadde heimen sin der, og det hadde ho ikkje noko problem med.

«Dei grev i huda mi og lagar gangar, dei utarmar meg. Dei er overalt. Nokre av desse småkrypa er så grådige at dei karrar til seg det andre skulle hatt, og det fører til at dei svakaste døyr. Alltid er det dei grådigaste og mest utpekulerte som overlever.»

«Dei egoistiske småkrypa tek livet av meg til slutt, den vakre blå og grønne kjolen min har mista mykje av fargen sin, eg er sliten og det gjer vondt. Dei slenger all slags skrap rundt seg, avfallstoff som eg ikkje blir kvitt. Livsårane mine tettast seg til, lungene mine er gråe, ikkje grønne og friske slik dei skal vere.»

«Dei øydelegg for dei andre skapningane, dei er griske og får aldri nok. Eg er i ferd med å gje opp, eg maktar ikkje meir.» Tårane trillar no, og dr. Jahve forstår at den gamle er ille plaga. Ein kan ikkje akkurat seie at dei oppfører seg eksemplarisk, desse småkrypa, sjølv om det finst heiderlege unntak som gjer at han ikkje gjev opp heile prosjektet. Han veit ikkje heilt kva han skal seie.

«Som du veit, så er eg nokså glad i desse småkrypa, trass i alle påfunna deira,» seier han.

Det kunne ho nok hugse, ja. Etter kuren hadde dr. Jahve angra seg. Han hadde ikkje vore til å snakke med på lange tider, og når han endeleg kom til hektene igjen, hadde han til og med lova dei at noko slikt aldri skulle skje igjen. Ikkje rart dei var frekke, småkrypa trudde nok at dei kunne gjere nett som dei ville.

«Så, så,» prøvde han seg, trøystande, «eg veit at det ikkje alltid

er like enkelt, eg føler med deg. Du må halde ut, eg har lova deg at det ein gong skal bli betre. Det må du berre halde fast ved.»

«Trur du det kjennest trygt å ha slike krigerske småkryp over heile kroppen. Eg trur jammen dei kjem til å ta livet av både meg og alle dei andre skapningane som dei deler meg med. Eg veit ikkje lenger kvar dei ikkje oppheld seg, dei er overalt.» Den gamle føler seg einsam, og tårane renn fritt no. Ho legg ikkje ein gong merke til at ein av hjelparane til dr. Jahve legg armen rundt henne og stryk henne på kinnet. Etter ei stund rettar ho på kjolen sin, sukkar oppgitt og reiser seg for å gå.

«Det er vel ingenting å gjere med, då?» snufsar den gamle, og

får til svar at ho må berre ha tolmod, og at alt ein gong skal bli så mykje betre. Ho nikkar til dr. Jahve og smiler til den lyshåra hjelparen slik gamle damer skal gjere.

Så er ho ute i det store venterommet igjen. Dei unge ser rart på henne, kanskje dei til og med ser at ho har gråte. Lite å gjere med det no, tenkjer ho, det er vel slik det er å bli gamal.

Moder Jord tuslar seg heimover denne klare himmelblå kvelden. Ho frys litt og tek sitt regnbogefarga sjal tettare rundt seg. Det er noko einsamt ved henne der ho strevar seg framover. Ein kan tydeleg sjå at ho ikkje har det godt, men ho må tru at alt skal bli godt til slutt. Enno har ho ikkje mista håpet. Enno ikkje, enno ikkje....

Vår Herres klinkekule

Av Erik Bye

Jeg drømte at vår Herre var en pode
med reven brok og skrubbsår på hver legg.
Jeg så ham klinke kule med vår klode
i muntre sprett mot universets vegg.

Han klinket, han var glad og det var sommer,
og solen tente lyn i farget glass.
Og tusen kloder rislet fra hans lommer,
for i vår Herres lommer er det plass.

Og klodene fikk danse, sveve, trille
til glede for hans hjerte og hans syn.
Så ble han distraheret, og glemte spillet:
En sommerfugl strøk vingen mot hans bryn!

Åh, for en dag å fange sommerfugler!
Det vakreste av alt han hadde skapt.
På marken lå Vårherres klinkekuler
og følte seg alene og fortapt.

Omsider kom han, trett som alle poder
når det er kveld og leken har vært sen.
Han lå på kne og samlet sine kloder.
Da så han, at han hadde mistet en.

“Den lille blå! Den minste av dem alle!»
Han lette under gress og sten og hekk.
“Og den som var så blank i solefallet!”
Men mørket kom, og kulen - den var vekk.

Det var vår egen Jord som var blitt borte,
og marken lå der nattekald og våt.
Og Gud gikk hjem og hutret i sin skjorte.
Men jeg kan ikke minnes om han gråt.

Og vi som av den lille jord er båret
og tror at intet teller, uten den.
får drømme at Han leter mer i morgen
og håpe at Han finner oss igjen.



Foto: Audbjørg Gjerde Lippert

Flatevågstien

Av Finn Arne Roaldsnes

Etter 3 år med planlegging og mykje arbeid er stien frå gapahuken i Kråkvika langs Flatevågen inn til Misfjorden endeleg ferdig. Frå parkeringsplassen på Strandbo kan ein no gå på 1.6 km fin, gruslagd veg. Tur/retur tar det om lag ein time å gå han. EI PERLE FOR VESTNES SENTRUM!

Guds skaparverk

Salme 8 i Bibelen begynner slik: «Når eg ser din himmel, eit verk av dine fingrar.» Det er ikkje alle som ser himmelen slik; at han er eit verk av Gud. Difor er det å gå Flatevågstien eit trusprosjekt: Sjå naturen som eit Guds skaparverk. Dersom ein har dette perspektivet på naturen, blir turen til ein lovsong til Gud fordi han har skapt alt så vakkert og fullkome. Ein blir glad og lett til sinns og møter andre på vegen med lovsongen i hjartet.

Det er bra at kroppen, som er ein del av Guds skaparverk, får kome i nærkontakt med det skapte. Kroppen kan få kvile i det perfekte mønsteret som skaparverket er. Kjenne seg i eitt med det. Her er det ikkje noko A-4 format; alt er forma og tilpassa av Skaparen sjølv.

Naturoppleving


Eg ramsar opp nokre av opplevingane du kan få: Stillheit, vakker svarttrostsong, små og store bekker som sildrar, kveldsol over

Julsundet, blåbær og tyte i mengd, stolte furutre, lyden av grus og sand under skorne, bølgeskvulp frå fjøra, vegen som buktar seg, kald vintervind frå nord, regn som piskar i andletet, sjøfuglar langs stranda, duft av mose og lyng...og mykje meir.

Sinnsglede

Flatevågstien er blitt ei kvardagsglede for mange. Ja, alt no ser det ut til at stien er blitt det viktigaste idrettsanlegget folk vil nytte seg av. Ein møter som regel alltid nokon der, ofte fleire i lag, i alle aldrar, seint og tidleg. Nesten ved enden av og like ved stien, er det sett opp ei grindløe. I dag vil ho fungere som ein gapahuk, til rast og ro for alle. Stien har ein stressreducerande og rehabiliterande effekt. Ein får mindre psykiske plagar av å gå han. Regelmessig bruk gjer at ein får eit mentalt overskot til dagen, anten heime eller på arbeid.

GOD TUR I GUDS FRIE NATUR!



Flatevågstien - frå idé til ferdig veg

Av Kaare Lervik

Tanken om å få til ein sti langs Flatevågen er ikkje av ny dato. I kommunen sin arealplan frå 2006 er stien teikna inn. Etter at Vestnes Rotary, som har tradisjon for å engasjere seg i lokale prosjekt, begynte å arbeide med å få ideen realisert, vart denne delen av stien ferdig.

Fleire grunnar avgjorde dette. Først og fremst var grunneigarane positive, og det var også kommunen, men sjølv arbeidet stod att. Vestnes Rotary hadde dugnadar to kveldar i veka og kvar laurdag heile våren 2014. Takka vere at også mange andre deltok med mykje innsats, vart ryddearbeidet ferdig før ferien. Kommunen fekk tippemidlar på 1,1 million kroner til prosjektet, og desse pengane er no mellom anna brukte til å betale Tomra Maskin for å lage stien og Peter Brennvik og Torgeir Leivdal for å bygge grindløe i vestenden av stien.



Nokre av dugnadsgjengen. Frå venstre ser vi: Ibo Shrikh, Ahmed Alhaj, Lars Fjørtoft, Seydva Bamta (på huk), Guevara Mustafa, Imad Shrikh, Amanvel-Weldeub (lengst bak), Husam Kenan, Roar Vestnes, Knut Hellen, Hermann Eilertsen og Finn Arne Roaldsnes. Poul Jensen var ikkje til stades då bildet vart teke.

Mange, også fleire av asylantane i kommunen, har gjort ein stor innsats i dette prosjektet. Det er likevel all grunn til å nemne og takke pådrivarane Knut Hellen og Finn Arne Roaldsnes, for det er ei kjent sak at ingen ting blir til av seg sjølv.

Vestnorsk draum

Draget av vind over fjorden
å lette ange av salt
saman med angen
av furene granene
bjørkene ospene

og dei brudekledde aplane
med tunge raudkvite blomar

og angen av lysande lette brudemøyar av
kirsebærtre

og av den drivkvite
viljesterke heggen

og gløym ikkje einekagen
med sin kvasse friske eim!

å fjorden min
å strendene mine
i den unge forsommarens fang

Frå «Babylonsk harpe» av Arnfinn Haram

Pinsemarkering i kyrkjene for barna

Av Ingvild Venås Sánchez, trusopplærar

Pinsa vart markert i alle kyrkjene i Vestnes for barn i ulike aldersgrupper. Frå fleire av barnehagane i kommunen var dei eldste barna på besøk i den kyrkja som var nærast deira barnehage, for å høyre om pinsa. I tillegg har det vore to pinsefestar med markering av "Kyrkja sin bursdag". Ein av dei var i Vestnes kyrkje for barnefamiljar, og den andre var i Vike kyrkje for 2- og 3-åringar med familie. Her fekk barna òg med seg ei gåve som eit minne om pinsefeiringa. Det var smykke med ein fisk, som var eit av dei symbola dei første kristne brukte. Smykket låg i døypefonten til minne om dåpen til kvart enkelt barn.

Då Den Heilage Ande kom til dei første kristne, var det 3000 som byrja å tru på Jesus og blei døypte etter at dei fekk høyre om Jesus frå disiplane. Så pinsa er ei flott tid å minnast dåpen. Alle arrangementa vart feira med is, og på dei to siste familiefeiringane var det òg muffins og kake. Barna kosa seg, og fekk høyre og oppleve kva pinsa handlar om, blant anna gjennom fortelling, bønn med lytting og dans. Over 100 born har til saman fått høyre om kva som hende då Den Heilage Ande kom til alle som trudde på Jesus, og at



Den Heilage Ande kjem til alle som trur på Jesus også i dag. Trusopplærar Ingvild Venås Sánchez syntest det var svært kjekt å treffe så mange barn i kyrkjene i pinsa.

Bygging

Av Ingvild Venås Sánchez

Søndag 31. mai var ti 3. og 4.klassingar frå Tresfjord og Vike oppe i skogen ovanfor bommen på vegen til Daugstadsetra. Her fekk dei bygge vidare på nokre leikehytter som står frå tidlegare år. Dei brukte kreativiteten sin og lagde flotte konstruksjonar. Dette er ein del av trusopplæringsopplegget Topp Safari som er i Tresfjord og Vike. Ungane fekk hamburgarar, pølser og marshmallows i matpausen. Trusopplærar heldt andakt om det å bygge huset sitt på fjell, og at det handlar om at vi bygger livet vårt på Jesus og lever nær han. Deretter fortsette bygginga, og då det nærma seg slutten, var det så kjekt at ungane heldt på ein halvtime ekstra før trusopplærar avrunda kvelden med bøn.



Mai - ein måned med mange besøkande i kyrkjene i Vestnes

Av Olav Egil Tomren

Når eg sit og skriv denne artikkelen, har vi akkurat lagt mai måned bak oss. Det var ein måned med mange aktivitetar og arrangement i kyrkjene i Vestnes. Vi tenkjer sjeldan på kor mange som eigentleg er innoom kyrkjene våre på ulike arrangement, men summerer vi talet på besøkande og deltakarar, er det kanskje for mange eit overraskande høgt tal. Eg har summert kor mange personar som har vore innoom kyrkjene i Vestnes i løpet av mai måned på eit eller anna arrangement, og kome til at talet er 3.203 personar. Vi ligg derfor ikkje dårleg an om vi samanliknar oss med besøkande på idretts- og andre kulturarrangement.

Mai inneheldt både konfirmasjonsgudstenester, 17. maigudstenester, besøk av barnehagar, og ikkje minst hadde vi i

år eit eige opplegg for pinsa. Det inneheldt misjonssamling på Vestheim, bønnevandring i Vestnes kyrkje, konfirmasjonsgudstenester, vandring i fjøra, bursdagsfeiring i Vestnes kyrkje og Vike kyrkje, kveldssong i Tresfjord kyrkje, og sist, men ikkje minst, hadde vi fått Tresfjord bygdekvinnelag til å halde utstilling av ulike dåpskjolar i Tresfjord kyrkjestove. Der hadde også Liv Annbjørg Eidhamar ei utstilling av sine fargerike måleri.

Det er gledeleg når vi arrangerer så mange tilstellingar, at folk sluttar opp om desse, og attpåtil gjev tilbakemeldingar om at det har rørt ved dei i høg grad. Vi får stadfesta at kyrkja sin funksjon i samfunnet ikkje er mindre viktig i dag enn han var for folket i tidlegare tider.

Hva er egentlig diakoni?

Av diakon Tone Hvidsten

Når dette Kyrkjebladet ligger i din postkasse, er min tid som diakon i Vestnes forbi. Jeg vil bruke denne muligheten til å takke for alle gode møter gjennom dette året og ønsker dere alt godt!

I løpet av min tid som vikar, har jeg fått noen spørsmål om hva diakoni er, og nå har Kyrkjebladet utfordret meg til å skrive noe om dette.

Ordet oppleves ukjent og kanskje litt rart. Folk flest tenker allikevel at det har noe med kirka å gjøre. Jeg tenker at dette lille ordet har sprengkraft i seg. Diakoni er et begrep som brukes om kirkas arbeid med nestekjærlighet som perspektiv.

Kort om historien

I den første kristne tida var det noen som fikk i oppgave å ivareta tjenesten med å hjelpe de som var i nød. Etter dette har det utviklet seg en egen tjeneste i kirka. De som har denne tjenesten, kalles diakoner. I Norge er det både menn og kvinner.

I nyere tid ble tjenesten etablert i Norge av diakonisse Cathinka Guldberg i 1868, da Diakonissehuset Lovisenberg i Oslo ble etablert. Hun hadde med seg en tradisjon fra Tyskland. Diakonhjemmet i Oslo ble etablert i 1890, og Bergen diakonissehjem ble etablert i 1918. Alle institusjonene fokuserte da på sykepleie. De tok fatt i mange oppgaver i samfunnet der folk hadde spesielle utfordringer; blant fattige, syke og folk i vanskelige livssituasjoner. Frittstående institusjoner ble etablert for å ivareta det diakonale.

Etter hvert som staten bygget opp en offentlig omsorg for syke, har diakoniperspektivet utviklet andre oppgaver og utdanninger.



Foto: Audun Gjerde Lippert

I 1987 vedtok Kirkemøtet Plan for diakoni i Den norske kirke. Den siste reviderte utgaven er fra 2008. Denne planen flyttet diakonalt arbeid inn i menighetene. Det er ikke lenger en oppgave bare for spesielle institusjoner, men hvert menighetsråd utfordres til å finne diakonale oppgaver lokalt i sin egen sammenheng.

Om noen vil utdanne seg til diakon nå, er aktuell utdanning en treårig Bachelor innenfor helse- og sosialfag eller pedagogikk, og en Master i diakoni.

Diakoni er kirkens omsorgstjeneste

Det finnes en overordna diakoniplan for kirka. Men den konkrete planen er den som blir utarbeidet i den enkelte menigheten.

Vestnes har sin plan, og den gjelder for alle fire sokna i kommunen.

Diakonien skal gjenspeile flere områder i kirkens liv, både i gudstjenesten og gjennom andre tiltak. Og den kan samarbeide med andre instanser i kommunen.

Vi har lært at vi mennesker har en sosial, en fysisk, en psykisk og en åndelig side. Alle sider er likeverdige selv om vi gir dem ulik oppmerksomhet gjennom livet.

Diakoni er evangeliet i handling. På en måte kan man si at diakoni er kirkens kroppsspråk. En egen muskel i kirkens kropp som stadig må trenes og brukes for å beholde sin styrke og spenst.

Evangeliene skildrer Jesu nærvær i verden: Han så, hørte, luktet, smakte og berørte. Han brukte alle sanser. Han var nær livet. Derfor er kirka også kalt til nærvær, til å være oppmerksomt tilstede i et relasjonsarbeid.

Når jeg sier kirka, vil noen kanskje tenke at det er de som jobber i staben på kirkekontoret, men jeg tenker på hver og en av oss som tilhører menighetene.

Jeg tror at alle vi som på forskjellige måter hører til i Vestnes, viser interesse og omsorg for noen i vårt eget nettverk. I familie, blant venner eller i nabolag. Vi stabler på beina ressurser når det trengs. Vi veit noe om hva det betyr å ta imot ei hånd når vi trenger det og vi veit noe om hva det betyr å kunne bidra når noen andre trenger oss. I denne gjensidigheten vokser det fram mye bra. Selv om mye kommer helt naturlig og av seg selv, tror jeg det er nødvendig at vi hele tida jobber med å være bevisst på dette. Nestekjærligheten må trenes. Det er like viktig som treningen på helsestudio eller turene i marka. Små ting kan bety mye. Et smil, hjelp til å handle når beina ikke er like gode lenger, tid til en kaffeprat, dele en felles interesse, dele sorg og tunge dager. Dele gode historier og engasje-

ment i nærmiljøet. Dele bønn. Våre behov varierer gjennom livets mange faser. Små ting kan bidra til å skifte fokus, og dermed får vi en liten pause i de utfordrende dagene.

Plan for diakoni i Den norske kirke inneholder fire områder:

1. Nestekjærlighet: Mange forbinder først og fremst diakoni med nestekjærlighet, ikke minst med den barmhjertige og rause samaritanen. Verden er tøff, rå og i stadig endring. Nestekjærlighet er å se mennesker. Den som blir sett og får høre gode ord, vil få mot til å leve. Gjennom alt vi gjør, må vi ta vare på kjærligheten. Da må vi også våge å være nær den som lider over tid.

2. Inkluderende fellesskap: Nestekjærligheten er en del av et inkluderende fellesskap. Slik som Kirkens bymisjon og Kirkens sosialtjeneste gjør, må vi strebe etter å inkludere også de som faller utenfor. Vi må la folk få være underveis, og være villige til å gå sammen med dem.

3. Vern om skaperverket: Når vi skal arbeide for å ta vare på skaperverket, er det viktig at vi ser at mennesket er det viktigste av alt Gud har skapt. Det er det fremste av alt som må vernes. Jorda vi lever på, begynner å bli sliten. Det er mangel på vann og mat. Denne vonde slitasjen fører til mange ting: krig, konflikt og fattigdom. En trassig diakoni vil jobbe for en mer rettferdig fordeling av ressurser i verden. For å gi håp.

4. Kamp for rettferdighet: «Den kirken som ikke forkynner rettferdighet, vil jeg ikke tilhøre», har Petter Skauen sagt. (Kirkens Nødhjelp) Menneskerettighetene er evangeliet. Vi må ta kjærligheten på alvor og se at vi er bundet sammen i et fellesskap her på Jorda. *(Hentet fra «Med andre ord - en inspirasjonsbok i diakoni». IKO-forlaget AS, 2009)*

Jeg tror det er sprengkraft i ordet diakoni, - når Ordet blir til handling. Når alle gjør litt der de er - da skjer det fine ting mellom oss. Da kan kirkas fellesskap blomstre.

Lars L. Bjermeland 90 år

v/ Kari Nakken

Kyrkjebladet har teke ein prat med Lars i anledning dagen. Han vart fødd 11. august 1925 på Eidhammer i Tresfjord. I ganske nøyaktig halve livet har han vore lokal kyrkjeverje. Dette arbeidet har han trivest godt med, og han sett pris på den gode kontakten med bygdefolket. Han har opplevd mangt som kyrkjeverje. Mellom anna var det stas med besøk av kongeparet ved 175-årsjubileet til Tresfjordkyrkja i 2003, og at kyrkjegarden er blitt utvida så det ikkje er plassproblem lenger.

Lars såg med uro på at kyrkja tok til å sige. Ho måtte derfor sikrast med midlertidige bardunar. Han syntes det var gledeleg at Vestnes kommune tok kostnaden med permanent sikring og restaurering. Kyrkja er no trygg og god,

ei kyrkje han er stolt av og glad i, seier han.

Ei anna hending han var sterkt involvert i, var bygging av kyrkjestova. Ho er stadig i bruk og har stor betydning for arbeidet i kyrkja ved forskjellige arrangement.

Vi gratulerer Lars med dei nitti åra, og ynskjer velsigning over dagane som kjem.



Klimapilegrim 2015

PÅ VEI MOT KLIMARETTFERDIGHET

Du finner mer info.: www.klimapilegrim.no eller på facebook


Konfirmantar i Vestnes våren 2015



Tomrefjord- og Fiksdalkonfirmantar.
Foto: Kari Utgård



Tresfjord- og Vikebukta konfirmantar.
Foto: Kari Utgård



Vestneskonfirmantar. Foto: Kari Utgård

Takk Tone!

Tone Hvidsten sitt årsvikariat som diakonileiar, gjekk ut 15. august. Vi vil takke Tone for ein framifrå innsats som ho har lagt ned dette året, og ønske henne til lykke med det arbeidet ho no skal gå inn i.

Ellen Edvardsen har fått innvilga ytterlegare eit års permisjon, og i det året skal Liv Turid Kristiseter vikariere. Vi er takksame for at ho sa ja til å gå inn i vikariatet, og vil ønske henne velkommen og lykke til i arbeidet.

Olav Egil Tomren, kyrkjevevjerje

10+ Klubb for 5.-7. klasse

Til hausten startar vi opp 10+ i Kjellaren på Kyrkjekontoret. Dette er ein klubb for 5.-7. klasse i Vestnes sokn, altså for dei som går på Tomrefjord og Helland skule. Klubben skal vere annankvar tysdag. Vi startar opp med leik ute og andre aktivitetar 1. september klokka 18.00-20.00! Det blir andakt og kiosk med matserving.

Dette blir kjempekjekt, så vi vonar at mange vil vere med. Velkomne! Ta kontakt med Ingvild Venås Sánchez, trus- og lærar, om du vil vite meir.



Kyrkjevalet 2015

Snart er den store valdagen her. Den 14. september er det val av nytt sokneråd på same stad og til same tid som det er val av nytt kommunestyre. I kyrkjebladet denne gongen finn de liste over alle kandidatane i alle sokna. Så må vi heller ikkje gløyme valet av kandidatar til bispedømmerrådet. Dette finn de òg stoff om i bladet.

Det vil vere høve til førehandsrøysting på kyrkjekontoret t.o.m. 11. sept. (kl. 09.00-15.00)

Det er viktig at vi nyttar stemmeretten vår. Godt val!

Kandidatlistar

Soknerådsvalet 14. september 2015

Fiksdal sokn

1. Thor Ringsby, 64 år
2. Ola Nakken, 57 år
3. Anne Ingebjørg Solli Rekdal, 66 år
4. Sigmund Leif Rekdal, 68 år
5. Aase Karin Marken, 57 år
6. Monica Bergheim, 37 år
7. Harald Anders Nakken, 76 år
8. Gunn Ellingseter Havnsund, 45 år
9. Gunnar Elias Kjærstad, 65 år
10. Kjell Magne Nakken, 65 år
11. Palma Kjerstad, 66 år

Tresfjord sokn

1. Kirsti Hegvik, 63 år
2. Liv Borghild Hildre, 57 år
3. Halvor Nerheim, 60 år
4. Mathias Magnar Sylte, 62 år
5. Stine Therese Raknem Skjegstad, 38 år
6. Finn Skjegstad, 59 år
7. Geir Kåre Bjermeland, 48 år
8. Turid Dagrun Skorgen, 60 år
9. Jan Erik Dahl, 54 år
10. Randi Margrete Braute Sylte, 62 år
11. Torgeir Fløtre, 75 år
12. Hans Sylte, 64 år
13. Jan Arvid Sylte, 64 år

Vestnes sokn

1. Kari Anne Moe Elgsaas, 61 år
2. Svanhild Flate, 56 år
3. Arild Hustad, 64 år
4. Grete Vik Kjersem, 67 år
5. Ansgar Misund, 66 år
6. Bjørg Sissel Gimmestad Smith, 54 år
7. Eli Neraas, 59 år
8. Sigbjørn Solholm, 69 år
9. Unni Eik Vestnes, 49 år
10. Ellen Marit Dimmen Vik, 59 år
11. Tone Fjørtoft Aas, 56 år
12. Arne-Jan Steen, 73 år
13. Håvard Skrede, 53 år
14. Lars Sigmund Kleive, 71 år
15. Eivind Schjøtt, 64 år
16. Elin Øverås, 50 år

Vike sokn

1. Liv Randi Sæter Balstad, 55 år
2. Anne-Karin Wessel Gallagher, 45 år
3. Olha Lyakhovyn, 32 år
4. Brit Leikarnes, 62 år
5. Kari Legernes, 47 år
6. Liv Gunn Gisnås, 62 år
7. Irene Vike, 62 år
8. Ann-Kathrin Hjelvik, 46 år
9. Martin Balstad, 17 år
10. Bjørg Gjermundnes, 68 år
11. Bjarne Olav Leikarnes, 58 år




Foto: Audbjørg Gjerde Lippert

Møre bispedøme – val av nytt bispedømeråd / Kyrkjemøte

Ved dette valet er det to kandidatlistar: Nominasjonskomitèens kandidatliste og Kandidatliste for Åpen folkekirke. Valet blir gjennomført som forholdstalsval. For meir informasjon om gjennomføring av kyrkjevalet, sjå www.kyrkjevalet.no

NOMINASJONSKOMITEENS KANDIDATLISTE

Nominasjonskomitèen presenterer si liste slik:

Lista er utarbeidd av sokneråda sin nominasjonskomitè i Møre bispedøme på bakgrunn av kandidatforslag frå sokneråd, ungdomsrådet i bispedømet og frå nominasjonskomitèens medlemmer. Kandidatane representerer ulike syn på aktuelle kyrkjelege spørsmål. Kandidatane vil arbeide for at kyrkja i Møre fornyar seg og får fram ei open haldning for endring. Nominasjonskomitèen er trygge på at dette er kandidatar som vil arbeide for å halde lokalkyrkja levande, og som vil arbeide for ei open og inkluderande kyrkje i Møre bispedøme.



1 Ann Kristin Sørvik, 58 år
Ordførar
Bremsnes



7 Anette Fredly, 22 år
Student
Sykkylven



13 Hans Gunnar Møller, 37 år
Electronic Technician
Spjelkavik



2 Ragna Synnøve Dahl Grønnevet, 68 år
Pensjonist
Ålesund



8 Svein Hartvig Pettersson, 49 år
Rådgjevar
Molde



14 Synnøve Dagny Stenvåagnes Bersås, 67 år
Gjestegårds-vertinne/
bonde/pensjonist
Kors



3 Frode Rabbevåg, 56 år
Dagleg leiar
Molde



9 Rikke Elisabeth Grevstad Kopperstad, 55 år
Lærer
Herøy



15 Ivar Husby, 70 år
Næringsdrivande
Aure



4 Geir Grav, 60 år
Rektor
Hen



10 Elias Nikolai Øyehaug Opsvik, 19 år
Student
Ørsta



16 Solveig Margrete Linge Stakkestad, 71 år
Pensjonist
Norddal



5 Ole Martin Grevstad, 45 år
Personalsjef
Ulstein



11 Olav Terje Flataker, 62 år
Dagleg leiar
Bolsøy



17 Eivind Peter Nordstrand, 22 år
Student
Valderøyva



6 Berit Moan Møkelgård, 39 år
Sjukepleiar
Rindal



12 Christina Margarete Duwe, 52 år
Overlege
Spjelkavik



18 Ann Magritt Harstad, 59 år
Lærer
Øre

Utfyllande informasjon om dei einskilde kandidatane sitt syn på aktuelle kyrkjelege spørsmål finn du på www.bd.kirken.no/more/kandidatliste-nominasjonskomit

Møre bispedømme – val av nytt bispedømeråd / Kyrkjemøte

Ved dette valet er det to kandidatlistar: Nominasjonskomitèens kandidatliste og Kandidatliste for Åpen folkekirke. Valet blir gjennomført som forholdstalsval. For meir informasjon om gjennomføring av kyrkjevalet, sjå www.kyrkjevalet.no

KANDIDATLISTA FOR ÅPEN FOLKEKIRKE

Åpen folkekirke presenterer si liste slik:

Åpen folkekirke vil sikre at Den norske kirke forblir en åpen og inkluderende folkekirke for alle. Åpen folkekirke vil arbeide for at likekjønnede par kan gifte seg i kirken. Vi vil jobbe for at kirken har en tilsettingspolitikk der søkere ikke diskrimineres på grunn av kjønn, samlivsform, seksuell orientering, funksjonsnivå, alder eller etnisitet. Åpen folkekirke har lagt vekt på god kjønnsbalanse, aldersspredning og geografi i utarbeidelsen av listen. Kandidatene står samlet på Åpen folkekirke sin plattform og valgprogram.



1 Therese Kristin Børnes
Utgård, 36 år
Lege
Sykkylven



7 Henry Ståle Farstad,
61 år
Salssjef
Hustad



13 Sverre Steinnes, 53 år
Sivilingeniør
Frei



2 Olav Myklebust, 46 år
Lokalhistorikar
Gursken



8 Jon Inge Lervåg, 68 år
Pensjonist
Spjelkavik



14 Magnar Hjertenæs, 53 år
Førstelektor
Ørsta



3 Maren Elgsaas Jenssen,
20 år
Student
Nordlandet



9 Odd Arve Orten, 56 år
Næringsdrivande
Sandøy



15 Hilde Mari Linaker, 55 år
Næringsdrivande
Borgund



4 Margaret Sivertsen Mørk,
63 år
Rektor
Bolsøy



10 Lars Polden, 66 år
Pensjonist
Ranes



16 May Bente Anita Jønsson
Botnvik, 26 år
Student
Sunndal



5 Are Kneppen Veraas,
43 år
Servicekonsulent
Kristiansund sokn



11 Trine Lise Auflem Vik, 23 år
Student
Gursken




17 Marianne Hermann
Brekken, 27 år
Student
Myrbostad/Vågøy



6 Hilde Vatne Lande, 24 år
Student
Spjelkavik



12 Erik Kursethgerde, 22 år
Student
Ikornes



18 Arild Hevrøy, 40 år
Anestesisjuepleiar
Spjelkavik

Utfyllande informasjon om dei einskilde kandidatane sitt syn på aktuelle kyrkjelege spørsmål finn du på www.bd.kirken.no/more/kandidatliste-åpen-folkekirke

Fotoglimt frå dåpskjoleutstillinga i Tresfjord Kyrkjestove



Bygdekvinnelaget i Tresfjord stelte i stand dåpskjoleutstilling.



Nydelege dåpskjolar.

KYRKJEBLADET FOR VESTNES

Redaksjonskomité: Kaare Lervik,
Audbjørg Gjerde Lippert, Kari Moe Elgsaas,
Kari Nakken, Per Audun Høgset og Reidun Blø

Adresse: Kyrkjekontoret 6390 Vestnes

kyrkjebladet.vestnes@gmail.com

*

*Vi oppfordrar dei som måtte ha
forslag til stoff eller noko dei vil ha med i Kyrkjebladet,
til å ta kontakt med redaksjonen. Takk!*

Gåver til drift og distribusjon av
Kyrkjebladet er kjærkomne.

Kontonummer 4056.20.62124



110 år gammel dåpskjole frå Pergarden på Kjersem, eigd av Arnt Kjersem. Dåpslua er 150 år gammal.

VESTNES KYRKJEKONTOR

Ope måndag - torsdag kl. 08.30-15.00

Telefaks: 71184231

Signe Hellevik, sokneprest

Telefon: 71184234/ 91123045

E-post: signe.hellevik@vestnes.kommune.no

Inger Marie Jakobsen Sylte, sokneprest

Telefon 71184236/ 99717442

E-post: imjsylte@gmail.com

Reidun Blø, kontorsekretær: Telefon: 71184232

E-post: reidun.blo@vestnes.kommune.no

Olav Egil Tomren, kyrkjevevjerje

Telefon: 71184235/ 91629416

E-post: kyrkjevevjerje@vestnes.kommune.no

Liv Turid Kristiseter, diakoniarbeidar

Telefon: 71184237/ 95948477

E-post: diakon@vestnes.kommune.no

Sissel Schiøtt, kantor: Telefon: 71184230/ 95270346

E-post: sissel.schiott@vestnes.kommune.no

Geir Falch, kyrkjetenar: Telefon: 90217404

Ingvild Venås Sánchez, trusopplærar

Telefon: 71184238/ 41472908

E-post: kyrkjelydspedagog@vestnes.kommune.no

Nina Kvernmo, konfirmanlærar

Telefon: 95231698 , E-post: nkvernmo@online.no

Heimeside til kyrkjene i Vestnes:


www.vestnes.kyrkja.no

Padda

Av Victor Hugo

Det hadde vore eit forferdeleg regnvêr heile dagen. No var det slått om. Sola heldt på å gå ned i flammar, landskapet var raudt. Dette sat ei padde og såg på. Ho sat ved sida av eit djupt og breitt hjulspor som no var gjort om til regnpytt. Padda var heilt vekk. Ho var blitt djupsindig. Det går altså an for det som er stygt, å sjå på det som er vakkert? Himmelen var eld, dalane rundt om var purpur, vatnet var spegel; sjølv regnpytten her, som det flaut gras i, var blitt til spegel. Fuglane song, men færre og færre etter som dagen minka, til slutt ingen. Lufta var still, vatnet stilt, padda reint gløymde seg, ho gløymde at ho var redd, ho gløymde at ho var stygg, ho sat berre og stirde inn i solnedgangen. Ho syntest visst ho var velsigna, ho òg. I alt som lever, er det eit gjenskin av det evige. Ingen augestein er så fråstøytande at ikkje lyset frå ovan når han, somme tider hardt, somme tider ømt. Ingen skapning så misdanna, så lav, så urein, – auget rommar likevel stjernerne si grenseløyse.

Ein mann kom gåande, han såg først det stygge dyret, då han sette hælen på det og skvatt tilbake. Det var ein prest, som gjekk og las i bønkeboka si. Så kom ei ung jente, ho bar ein blome i barmen. Men ho blei så skræmd, at ho utan å vite det, sette paraplyen på padda, og paraplyen treffe det eine auget. Så kom fire skulegutar, med klare, opne ansikt. Men grusame var dei. Såleis begynner vi; sjela går den vegen som heile menneskeheita har gått, frå det grusame mot miskunn. Auga på gutane strålte av lek, av sunnheit. Kvar hadde si mor, dei hadde sine gode kameratar, dei anda inn lufta med friske lunger, dei var elska, dei var frie, dei var glade! Kva hadde dei så betre å ta seg til enn å vere grusame? Grusame mot dei som var ulykkelege?



Padda slepte seg vekk så fort ho kunne; ho ville ned i holet og gøyme seg. Men gutane fekk auge på henne: «Æsj, det ekle dyret! La oss drepe det!» «Ja-a!» Dei lo, – for slike gutar ler, når dei gjer vondt. Dei fekk fatt i ein kvist, som dei spissa til, dei ville prøve å stikke i det auget som var skadd, dei ville bore holet større. Dei ville såre såret. Som det fryda dei! Det arme dyret kunne ikkje skrike, blodet rann, det prøvde å komme vekk, det hadde jo ikkje gjort noko gale, det var berre stygt. Den eine foten slepte etter, det eine auget hang ute. Ein gut kom med eit stykke av ein spade, og for kvart puff han greidde å gi, ga dyret slim frå seg. «Sjå som det siklar!» sa gutane. Dei prøvde om dei kunne fange padda med ei skoreim, men ho glapp unna. Og der fekk ho styrte seg ned i hjulsporpytten og rota han opp, så ingen såg ho. Ho vaska mennesket sin ondskap av seg i skittent vatn. Og desse gutane med friske kinn, vakre, sunne, dei mora seg forferdeleg, dei snakka alle på ein gong. «Skal vi ikkje få tak i ein stor stein og plumpe etter?» – «Ja, ja,» sa alle saman! Nokon passa på kvar padda var, andre sprang etter steinen. Ein av dei fann ein brustein og kom springande med den, – då dei alle måtte gå til sides for ei vogn som kom opp vegen.

Ei tung vogn, trekt av eit gammalt, halt esel. Ikkje berre halt, men både magert og døvt og skrøpeleg på alle måtar. Det bar to korgar, og det drog samtidig vogna. Det hadde gått slik heile dagen, og no var stallen nær. Vegen var blaut, hjulet sokk i, det ga støyt i støyt, og kvart rykk gjorde vondt. Men det brydde ikkje han seg om som dreiv det. Det gamle utslitne eselet gjekk som inni ei sky av pryl og banning.

Ein av gutane ropte: «Vognhjulet går rett over!» «Ja!» Det ville dei alle sjå på.

Men eslet kom med hovudet lutande nær jorda og fekk auge på padda; ho stakk akkurat hovudet opp av søla. Eslet nesten snøfta til padda, og no syntest det som den eine stakkaren ville hjelpe den andre. For i det same bøygde eslet til sides. Det spente i med all si kraft. Det gjorde forferdeleg vondt i sára og det heldt hardt. Men hjulet blei brote opp av sporet med denne tverrvendinga. «Kvar vil du hen?» skreik drivaren og slo. Men padda var frelst.

Der stod gutane. Han som hadde tatt steinen, den same som sidan skreiv dette, han kasta han langt frå seg.

For frå det uendelege ovanfor – som no var mørkna til, hørde han tydeleg: «Ver god!»

Gudstenester i Vestnes

06. sept. 15. s. i treeiningstida

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Hauttakkefest. Utd. 4-åringane.

Takkoffer til trusopplæring.

Tresfjord kyrkje kl. 18.00

Konfirmantpresentasjon.

Takkoffer til trusopplæring i soknet.

13. sept. 16. s. i treeiningstida

Vike kyrkje kl. 11.00

Hauttakkefest. Utd. til 2.- og 4-åringar.

Takkoffer til trusopplæring i soknet.

20. sept. 17. s. i treeiningstida

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Misjonsgudsteneste for alle sokna.

Nattverd. Takkoffer til misjonsprosjekt i Beghi.

27. sept. 18. s. i treeiningstida

Fiksdal kyrkje kl. 11.00

Hauttakkefest. Utd. til 4-åringar.

Takkoffer til Misjonsprosjektet.

04. okt. 19. s. i treeiningstida

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Høgmesse med nattverd.

Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

Vike kyrkje kl. 18.00

Kveldsgudsteneste med nattverd.

Takkoffer til Familie og medier.

11. okt. 20. s. i treeiningstida

Fiksdal kyrkje kl. 11.00

Høgmesse med nattverd.

Takkoffer til Sjømannsmisjonen.

18. okt. 21. s. i treeiningstida

Tresfjord kyrkje kl. 11.00

Hauttakkefest. Utd. til 4-åringar.

Takkoffer til Topp Safari.

25. okt. 22. s. Bots- og bøneda

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Høgmesse.

Takkoffer til eigen kyrkjelyd

01. nov. Helgemessesøndag

Gudsteneste i alle kyrkjene.

Vestnes kyrkje kl. 18.00

Takkoffer til KFUK/KFUM

Fiksdal kyrkje kl. 11.00

Takkoffer til Diakoniarbeidet.

Tresfjord kyrkje kl. 18.00

Takkoffer til Diakoniarbeidet.

Vike kyrkje kl. 11.00

Takkoffer til Diakoniarbeidet i soknet.

08. nov. 24. s. i treeiningstida

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Familiegudsteneste.

Utd. til 5. klasse. Lys våken.

Takkoffer til trusopplæring.

14. nov. Laurdag

Vestnes kyrkje kl. 18.00

Ungdomsgudsteneste.

15. nov. 25. s. i treeiningstida

Fiksdal kyrkje kl. 11.00

Familiegudsteneste. Utd. til 5. kl.

Takkoffer til trusopplæringa.

22. nov. Kristi Kongedag

Tresfjord kyrkje kl. 11.00

Familiegudsteneste. Lys vaken.

Utd. til 5. klasse frå Vike og Tresfjord.

Takkoffer til Bibelselskapet.

Tomrefjord kristne

forsamlingshus kl. 18.00

Kveldsgudsteneste.

Takkoffer til Forsamlingshuset.

28. nov. Laurdag

Fiksdal kyrkje kl. 18.00

Adventssong. Lys Vaken.

Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

29. nov 1. s. i advent

Myra kulturhus kl. 11.00

Storfamiliegudsteneste.

Takkoffer til trusopplæring.

06. des. 2. s. i advent

Vike kyrkje kl. 18.00

Lysmesse. Takkoffer til konfirmant-

arbeidet i Tresfjord og Vike.

Slekters gang

Vestnes kyrkje

Døypte:

- 08.03 Gina Kvålshagen Breivik
(døpt i Bøverdalen)
15.03 Tobias Larsen Vatnehol
29.03 Helle Lønseth Skogvoll
05.04 Helmine Relling Bredeli
05.04 Iben Linnea Selnes Høgseth
05.04 Ayleen Praska-Leren
19.04 Aurora Repvik Brennvik
19.04 Marie Lenvik Pedersen
14.05 Zowi Jonas Tameru
14.05 Kaleb Jonas Tameru
31.05 Jonas Bjørdalsbakke
31.05 Andrea Skotte Daugstad
31.05 Emmelie Engeskar Skålhavn
28.06 Even Vik Solevågseide
12.07 Norah Josefine Røsok
12.07 Jenny Sundnes Talleraas
26.07 Sofia Lid Aas

Vigde:

- 04.07 Amanda Larsen Vatnehol
og Tommy Solevågseide
18.07 Ane Marta Lindseth og
Kristoffer Stige
01.08 Maria Walseth og
Knut Marius Djupvik
08.08 Mona-Kristin og
Ove Norman Lungård
15.08 Karoline Rogne Håseth og
Roar Aas

Døde:

- 25.02 Nils Kjartan Overå
02.03 Nils Gjeitnes
20.03 Gunnar Hjalmar Hølgenes
27.03 Torbjørn Gangstad (gravl. på Oterøya)

30.03 Jens Myklebust

13.04 Kristian Alfred Frostad

15.04 Svein Bueide Kalvatn

07.05 Henny Sivertsen

12.05 Helge Wiik

19.05 Liv Oddrun Krogsæter

22.05 Sigurd Reitan (gravl. i Veøy)

01.06 Konrad Magnar Krogset

14.06 Per Gustav Ulvestad

21.06 Palmar Eidhammer

23.06 Helga Adeleide Ottebergesen

15.07 Annlaug Oddbjørg Uren

20.07 Inger Johanne Grytten

24.07 Bjarne Kristian Hjelvik

Fiksdal kyrkje

Døypte:

- 24.05 Emil Solevågseide
05.07 Håkon Bakk Lien

Vigde:

- 14.06 Bente Legernes Ødegård og
Kurt Ove Ellingseter (vigd på Ellingsetersetra)
15.08 Hege-Anette Wernberg og
Bjørn Tore Aas (vigd i Øygardsbukta)

Døde:

- 06.03 Evelyn Ellingseter
09.03 Hans Kristian Lien
17.04 Liv Nakken
09.05 Lars Ellingseter
05.06 Hildur Margrete Gjelsten
22.07 Bjørn Gjelsten
23.07 Inger Sofie Marken

Tresfjord kyrkje

Døypte:

- 15.03 Ella Sofie Vik Talberg
(døpt i Vågstranda)
22.03 Ingvald Rypdal
06.04 Kasper Villa-Langlo
06.04 Torbjørn Øvstedal
28.06 Erika Elnan
28.06 Leah Tesfaye Bjermeland
28.06 Even Sætre
29.07 Olav Rypdal Baltzersen

Vigde:

- 20.06 Sarah Anett Nystøyl og
Bjørnar Uren
27.06 Kjersti Anette Rypdal Vik og
Øystein Gjul
26.07 Jenny Louise Øvstedal og
Charles Daniel Barr

Døde:

- 21.04 Bergljot Øvstedal
10.05 Dagny Häll
05.06 Martinus Sylte
07.06 Bjørn Viken
13.06 Anne Karin Kjersem
27.07 Johan Karl Kjerseim

Vike kyrkje

Døypte:

- 15.03 Sophia Iserni Lange Nørve
02.08 Jonathan Herje Hansen
02.08 Silas Rypdal Svensli

Døde:

- 20.03 Leidulf Legernes
17.06 Anne Marie Solhaug Vike
22.07 Bjørn Mary Legernes